



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	31.03.2022
	Kommunestyret	31.03.2022

Ekstraordinær busetting av flyktningar som følgje av situasjonen i Ukraina

Samandrag:

Med bakgrunn i flyktningkrisa i samband med krigen i Ukraina, har IMDi oppmoda Volda kommune om å auke busettingskapasiteten til totalt 150 flyktningar i 2022, inkludert åtte einslege mindreårige flyktningar (EM). IMDi ber kommunen vere fleksibel og busette EM både under og over 15 år. Dette inneber ei auke på 100 personar frå gjeldande vedtak i sak 11/22, i møte 10.03.2022, om å busette totalt 50 flyktningar i 2022. Gjeldande vedtak inkluderer ikkje busetting av EM, med mindre dei har nær slekt i Volda. Svarfristen på ekstraoppmodinga er 31.03.2022.

Volda kommunestyre fekk framlagt berekraftanalyse i møte 10. mars. Analysen tok for seg indre og ytre faktorar i kommunen og konkluderte med at kommunen og samfunnet si berekraft tilsa at Volda kommune kunne ta imot 25 flyktningar i året. Krigen i Ukraina har utløyst ei krise med flyktningestraum på nivå med det vi opplevde i 2. verdskrig. Regjeringa har sagt at Noreg skal ta sin andel av flyktningar som kjem til grenselanda til Ukraina. Dette er ein krisesituasjon der vi må gjere unntak frå den normale kvardagen og delta i den store fellesdugnaden. Dette vil innebere at det vert fleire som skal få tenester utan at vi greier å auke kapasiteten og skaffe nok kompetanse i alle tenesteområde.

Det er usikkert kor lenge krigen vil vare og kva tidshorisont dei Ukrainske flyktningane vil ha i landet og i Volda. Vi skal i alle høve planlegge og gi dei same tenestene som vi yter til andre flyktningar som kjem hit for fast busetting.

Busetting av flyktningar på eit så stort nivå vil vere ei stor samfunnsoppgåve der alle innbyggjarane må vere med og medverke på ein eller annan måte. Det er ynskeleg at det vert mobilisert til frivillig innsats for å aktivisere og inkludere flyktningane på fritida. Innbyggjarane yter også ein fellesinnsats ved å redusere forventingar til kommunale tenester framover.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Volda kommunestyre vedtek å busette totalt 150 flyktningar i 2022. Vedtaket inkluderer ikkje busetting av einslege mindreårige flyktningar (EM), med mindre dei har nær slekt i Volda. Busettingstalet på 150 flyktningar inkluderer dei 50 som kommunestyret allereie har fatta vedtak om i sak 11/22, i møte 10.03.2022. Familiesameiningar kjem i tillegg.
2. Kommunestyret syner til sak 11/22 og viser til at busetting utover 25 flyktningar er knytt til situasjonen som har oppstått i Ukraina og behovet for å busetje ukrainske flyktningar.

3. Volda kommunestyre er innforstått med at eit så stort antal flyktingar på eitt år er ei krisehjelp til ei hardt ramma gruppe. Tenestene i Volda kommune må delast på fleire, og innbyggjarane må vere budd på lengre ventetid og reduksjon i tenestetilbodet.
4. Kommunedirektøren disponerer plassane innanfor vedtaket ut i frå busettingsbehov, kapasitet i tenestene og ramma av statlege finansieringsordningar for busetting og integrering av flyktingar.
5. Administrasjonen får fullmakt til å gjere nødvendige tiltak for å kunne yte tenester til flyktingane som vert busette. Tiltak skal vere innanfor ramma av tilskotsordningane, men kan setjast i verk i forkant dersom utbetalinga av tilskota er forsinka. Auka inntekter og utgifter som følge av auka busetting vert å korrigere i budsjettet for 2022.
6. Volda kommunestyre viser til at krigen i Ukraina med stor tilstrøyming av flyktingar til landet har medført ein ekstraordinær situasjon. Det vert derfor forventa at staten må vere dynamisk og gjere dispensasjonar i lover og forskrifter for at kommunane kan skaffe bustader raskt og kan tilby nødvendige tenester utan forseinking og unødvendige meirkostnader.
7. Volda kommunestyre vil oppmøde staten om så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår til flyktingarbeidet i kommunane, samt forenkle ekstratilskot til kommunane på ein slik måte at tilskot vert utbetalt raskt utan tungvinde søknadsprosedyrer.

Vedlegg:

Ny oppmoding og busetting av flyktingar 2022 - Volda kommune
Alternativ mottakssted for personar frå Ukraina i målgruppa for mellombels kollektiv beskyttelse som bur privat

Saksopplysningar:

Dei humanitære følgjene er dramatiske i Ukraina og i nabolanda. Dei store flyktingstraumane ut av Ukraina har lagt betydeleg press på nabolanda som har stilt opp med ein rask og effektiv beredskap for mottak av flyktingane. Samstundes er dei heilt avhengige av at resten av Europa medverkar. I Noreg er det stadig fleire ukrainske flyktingar som kjem. Dei fleste som kjem er kvinner, barn og eldre som vil få mellombels, kollektivt vern. Denne ekstraordinære situasjonen gjer det naudsynt å auke busettingskapasiteten i kommunane for eit mogleg større tal flyktingar til Noreg. Det er uvisst kor stort behovet for busetting blir, men det er venta at talet på ukrainske flyktingar til landet aukar i tida framover.

IMDi oppmodar no alle landets kommunar om å busette flyktingar og auke busettingskapasiteten i samband med krigen i Ukraina. Kommunane er til saman oppmoda om å busette 35 000 flyktingar i 2022, der 30 000 er ukrainske flyktingar. Det er venta at minst 400 er einslege mindreårige flyktingar (EM).

Per 24.03.2022 er det registrert 4 711¹ ukrainske asylsøkjarar i Noreg, der 1 824 (39%) er barn, 2 368 (50%) er kvinner og 519 (11%) er menn. I tillegg oppheld mange seg rundt om i kommunane og ventar på time hos politiet for registrering.

Dei som vert busett i kommunen frå Ukraina vil ha same rettar og plikter som ordinært busette, og utløyser same tilskot.

Volda kommune samarbeider tett med statlege myndigheter som har ansvar for å organisere mottak og busetting av flyktingar.

¹ <https://www.udi.no/statistikk-og-analyse/statistikk/asylsokere-fra-ukraina-i-2022/>

Kapasitet i tenestene

Kommunedirektøren har starta arbeidet med å førebu for auka busetting i kommunale tenester og på bustadmarknaden. Situasjonen som står framfor oss vil krevje mykje av kommunale tenester, og vi må vere budde på at andre oppgåver i den ordinære drifta må justerast ned og ev. setjast til side ein periode. Mange tenesteområde i kommunen vil få oppgåver knytt til førebuing og busetting av flyktingar m.a.:

- **Sektor Oppvekst** har ansvar for å busettingsarbeidet. Kommunalsjef oppvekst har midlertidig fått styrka sin stab gjennom støtte frå spesialrådgjevar frå kommunedirektøren sin stab, som m.a. skal halde oversikt og vere eit bindeledd mellom tenestene, kontaktpunkt inn mot kommunalsjef, eksterne statlege instansar og private som stiller husvære til disposisjon, saksførebuing, informasjon til heimesida m.v.
- **Volda Læringssenter** har ansvar for busetting, norskopplæring og introduksjonsprogram, og har allereie fått styrka bemanninga på programrådgjevarsida, ved at ein tidlegare programrådgjevar er omdisponert frå helse og omsorg. I tillegg vil ein programrådgjevar i vikariat halde fram i stillinga når engasjementet går ut medio 2022. Det er god kapasitet i norsk- og grunnskuleopplæringa til å inkludere fleire elevar i eksisterande grupper. Ved behov vil ein starte opp nye grupper.
- **Barnehageavdelinga** førebur seg på å skaffe barnehageplass til dei barna som kjem, og det vert vurdert fleire moglege lokasjoner. Oppbemannning vert vurdert ut i frå omfanget på barn som kjem. Om det vert busett 125 flyktingar ekstra og 40% er barn, vil det kome om lag 50 barn. Ein må ta høgde for at 10-15 vil vere barn i barnehagealder.
- **Skuleavdelinga** førebur eit innføringsstilbod til grunnskuleelevarane som kjem, og moglege lokasjoner er både i tilknyting til eksisterande grunnskular og andre lokalitetar. Oppbemannning vil skje som følgje av tiltak som blir iverksett. Dersom det kjem om lag 50 barn må ein ta høgde for at 25-30 barn er i grunnskulealder. Ungdom over 16 år har rett til vidaregåane opplæring.
- **Barnevernet.** Barnevernet har tidlegare meldt auke i meldingar og mykje av dette er knytt til psykiske vanskar. I samband med berekraftanalysen meldte barneverntenesta at vi bør halde busettingsnivået nøkternt og ikkje ligge over nivået til samanliknbare kommunar.
- **Helsetenester.** *Helsestasjonen* har ansvar for helseundersøkingar, kontrollar og vaksinering. Tenesta er pressa og det vert arbeidd med styrking av tenesta. Alle busette skal ha helseundersøking innan 3 månader etter busetting. Personar som kjem direkte til kommunen, skal ha helsekartlegging innan 14 dagar. *Legetenesta* er pressa på kapasitet og fleire innbyggjarar kan medføre auka ventetid når den vil måtte handtere fleire pasientar, der nokre truleg vil ha komplekse utfordringar. Det er grunn til å forvente at enkelte vil ha behov for oppfølging frå *tenesta for rus og psykisk helse*. Denne tenesta har i dag ei ventetid på 4 veker og det er heilt nødvendig å lykkast med å styrke tenesta for at ein kan gi tilbod om traumehandsaming av flyktingar. Personar med nedsett funksjonsevne og eldre vil kunne ha behov for *helse- og omsorgstenester*.
- **Nav** har ansvar for vedtak om etablering, stønad til husleige, straum og husleigededepositum, livsopphold den første tida før deltararane startar i INTRO, samt supplerande stønad ved behov. I tillegg utbetaling av stønad til AMOT-plasserte. Det er ikkje kjent om og kva statlege tiltak som kan kome i Nav-systemet t.d. i form av arbeidsretta tiltak. Nav har tett kontakt med lokalt næringsliv som er viktig for at flyktingane raskt kan kome seg i ordinært arbeid.
- **Kulturavdelinga** har ansvar for å etablere kontakt med frivillige, lag og organisasjonar og det sivile samfunn som ynskjer å bidra på ulikt vis for felles innsats for å inkludere barn, unge og vaksne i aktivitetar på ulike sosiale arena i Voldasamfunnet.
- **Eigedomsavdelinga** har ansvar for å inngå leigeavtalar med eksterne, føre tilsyn med og klargjere innkvarteringsbustader.
- **Tolk og språkhjelparar.** Det vert arbeidd med å kartlegge potensielle tolkar og språkhjelparar i kommunen.

Lista over er ikkje uttømmande. I ein del tenester har ein byrja arbeidet med å sjå på løysingar med å styrke kapasiteten. Ved eit vedtak om auka busetting vil tenestene intensivere arbeidet i tida som kjem.

Det vert arbeidd for at tidlegare busette flyktningar kan få arbeidstrening og ordinært arbeid knytt til auka bersetting. Dei har relevant erfaring som vil styrke kommunen sin buseettingskapasitet, samstundes som dei vil få relevant arbeidserfaring og bidra til at nykomne får ein god start i sin nye kommune. Det er viktig med tidleg kartlegging av dei nye flyktningane som kjem, og leggje til rette for at dei aktivt kan bidra med å bruke sine ressursar på best mogleg måte i samarbeid med tenesteapparatet, frivillige lag og organisasjonar og lokalt næringsliv.

Innkvartering og bustader

Volda kommune er godt i gang med å kartlegge av bustader/bygg som kan gjerast tilgjengelege for midlertidig innkvartering (mottak) og permanent bustad til bersetting av flyktningar. I kartleggingsarbeidet har kommunen teke kontakt med nokre bustadeigarar, og tilsaman har 32 bustadeigarar og innbyggjarar meldt inn ledig bustadkapasitet. 17 er lokalisert i krinsane (Mork, Hornindal, Lauvstad, Bjørke, Austefjord (skule) og 15 er lokalisert i Volda sentrum. Det er meldt inn både vandrarheim, hostels, hotell, skule, husrom, leilegheiter og hus. Kommunen set stor pris på at mange ynskjer å bidra med husrom og bustad til flyktningar som kan takast i bruk når dei er klare for å bersetting i meir permanente bustader. Vi oppmøder fleire om å melde inn potensiell bustad for utleige til flyktningar. Kommunen vil ta kontakt viss det blir behov for å nytte bustadene. Dei som melder seg pliktar ikkje å halde bustaden ledig i mellomtida.

Kommunedirektøren vil nytte innkvarteringsbustad for rask mottak av flyktningar frå Ukraina, der kommunale tenester også kan gjevest i ei tidleg fase. Etter ei tid i innkvarteringsbustad vil flyktningane bli busett i private og kommunale bustader. Nokre vil kunne ha behov for bersetting i bustad kort tid etter ankomst kommunen. Det er kartlagt eigna innkvarteringslokale nært kommunale tenester i Volda sentrum for best mogleg effektiv tenesteyting i ei tidleg mottaksfase, som på kort varsel kan klargjerast for raskt mottak av ukrainske flyktningar. Studentsamskipnaden har to godt eigna bygg til føremålet: Det eine ligg i Sjukehusvegen 6 (tidl. hjelpepleiareskulen/EMA-mottak), den andre i Vikebygdvegen, E-blokka på Heltne. Tilsaman kan det innkvarterast kring 140 flyktningar i desse to byggva avhengig av storleiken på hushald, kva behov den einskilde har knytt til helse, alder m.v. og rom som kommunen treng å disponere for å tilby tenester. Lokaliseringa av byggva ligg sentralt i høve til kvarandre, barnehage, skule og fritidsaktivitetar for barn, ungdom og vaksne, helse- og omsorgstenester, sjukehuset, butikkar m.v., og framstår som svært godt eigna til føremålet. Sjukehusvegen 6 er så godt som klart for mottak av ukrainske flyktningar.

Flyktningar kan busettast i krinsane om tilhøva ligg til rette knytt til tilgang til sentrale funksjonar som barnehage, skule, butikk og offentleg kommunikasjon som gjer kvardagen enkel for personane og familiene som kjem. Barna skal ha eit barnehage- og skuletibod, medan dei vaksne skal delta i introduksjonsprogram og norskopplæring ved Volda læringssenter på Vikebygd skule. Kommunen har kommunale bustader i Volda sentrum og Hornindal, som blir vurdert som aktuelle for nokre typar av hushald.

Alternativ mottakslass (AMOT)

Staten har utvida ordninga med alternativ mottakslass (AMOT) til å gjelde personar frå Ukraina som er i målgruppe for kollektiv vern, og som bur privat eller i andre midlertidige buløysingar i kommunen inntil dei vert busett gjennom IMDi. Ordninga er frivillig for kommunane. Dersom UDI og kommunen godkjenner søknad om AMOT får kommunen eit tilskot på kr 16 105 per person per månad. Dersom ein av partane ikkje godkjenner søknaden er alternativet akuttinnkvartering på akutmottak eller asylmottak.

Det er politiet som har ansvar for akuttinnkvartering for asylsøkjarar som ikkje har midlertidig buløysing i påvente av registrering hos politiet, avklart opphaldsløyve og bersetting i ein

komune. Politiet samarbeider med kommunane om dette, og i Ålesund vert eit hotell nytt til akuttinnkvartering. Lokalt politi ynskjer gjerne samarbeid med Volda kommune om innkvartering for dei som oppheld seg i kommunen utan midlertidig buløsing, dersom tilhøva ligg til rette for dette. Det er varsle klårare regelverk om slik AMOT-ordning i nær framtid.

Ved AMOT tek kommunen på seg ansvaret for å følgje opp personar som bur i midlertidige buløsningar, gje naudsynt økonomisk stønad, same rett til helsetenester som den øvrige befolkninga, omsorgstenester etter pasient og brukarrettigheitslova, og gratis barnehageplass til barn. Tilskotet er kompensasjon for utgifter som følger med det å overta ansvaret for personar som er omfatta av ordninga. Volda kommune har god erfaring med AMOT for asylsøkjarar som ønskjer å opphalde seg i kommunen i nærleiken til nære relasjoner, slekt og vene som allereie er busett i kommunen, i påvente av å få sin asylsøknad vurdert. Når opphaldsløyve er avklart vert flyktningane busett i kommunen.

Vurdering av oppmodinga om å busette EM

Den nasjonale politikken for EM er å byggje opp for buseetting av desse barna i større kommunar for å ha tilstrekkeleg store miljø og kontinuitet i denne buseettinga. Dette har gjort at mindre kommunar har bygt ned kapasiteten. Det er svært lite føreseielege vilkår for mindre kommunar og for dei tilsette i desse kommunane når tenesta må byggjast opp og ned, og der miljøa uansett vert for små. Volda kommune kjem i denne kategorien. Det var eit omfattande prosjektarbeid for å bygge opp EM-tenesta. Denne tenesta er no nedbygd og avslutta. Alle tilsette har etter ein til dels krevjande prosess, fått nytt arbeid. Ikkje alle er lenger tilsett i Volda kommune.

Administrasjonen vurderer at Volda kommune ikkje har kapasitet til både å førebu buseetting av inntil 150 flyktningar og samstundes bygge opp for buseetting av åtte EM. Den kompetansen kommunen hadde er ikkje samla lenger, og enkeltilsette kan ikkje takast ut av dei tenestene dei no arbeidar i. Vi treng dei i desse tenestene. Barnevernet har dessutan så store utfordringar i perioden etter pandemien, at det vil vere på grensa til det forsvarlege om dei i tillegg skal byggje opp att ei teneste for EM.

Buseetting av inntil 150 flyktningar vil åleine krevje alt vi har av ressursar, og det er ikkje tilrådeleg å seie ja til buseetting av åtte EM i tillegg.

Vurdering og konklusjon:

Buseetting av 150 flyktningar er langt meir enn det vi nokon gong har busett i løpet av eitt år. Dette vil krevje mykje av oss. Innbyggjarar i Volda vil få nye naboar, barn vil få nye klasse- og leikekameratar. Frivillige lag og organisasjonar vil bli utfordra til å ta imot mange nye deltakarar i rekordfart. Mange kommunale tenester må raskt finne nye løysingar og kapasitet for å sikre god tenesteyting i samsvar med lovkrav. For enkelte tenester vil dette truleg bli svært krevjande. Samstundes er vi som kommune ikkje oppmoda til å gjere dette fordi det er enkelt, men fordi situasjonen krev det. Og trass i at dette vil krevje mykje av oss, så er det mogleg å få til. Samstundes blir det også slik at vi som lokalsamfunn får mykje tilbake.

Buseetting og mottak av flyktningar gjer at det er behov for å bygge opp kapasitet innanfor fleire områder, ut over det som ligg i budsjettet for 2022. I ein oppbyggingsfase er det naudsynt å ha ein fleksibilitet med omsyn til bruk av ressursar. Mynde til å budsjettregulere og tilføre ressursar til arbeidet med buseetting av flyktningar vert delegert til formannskapet for 2022.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Volda kommune skal tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov, og arbeide for å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen.

Konsekvensar for folkehelsa:

Fleire helsetenester er under press, men er førebudd på å yte lovpålagd og naudsynt helsehjelp til dei flyktningane som kommunen tek i mot. Det er viktig å kommunisere til

tenesteytarar og innbyggjarar at presset på tenestene aukar som følgje av auka flyktningbusetting, som kan føre til lengre ventetid på vanlege legetimar, helseundersøkingar og konsultasjonar, og lengre sakshandsamingstid på søknader.

Ved å motverke utanforsk gjennom aktivitet og arbeid, skal Volda ha eit inkluderande samfunn og motverke sosiale helseforskjellar.

Miljøkonsekvensar:

Eit godt busettings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparinger i åra framover.

Økonomiske konsekvensar:

Tilskot for å busette flyktningar vert utløyst av enkeltpersonane som vert busett. Her følgjer ei oversikt over dei viktigaste tilskota:

- *Integreringstilskot.* Tilskotet skal dekke kommunen sine meirutgifter ved busetting av flyktningar, og bidra til at flyktningane så snart som mogleg kan forsørge seg sjølve og ta aktivt del i samfunnet. Tilskotet er ikkje øyremerka og vert løyst ut av einskildpersonar. Ein busett flyktning utløyser integreringstilskot på om lag kr 800 000 fordelt over fem år, med høgast tilskot dei to første åra.
- *Ekstratilskot.* Tilskotet skal dekke ekstraordinære utgifter som følgje av busetting av flyktningar med særskilte behov i inntil 5 år. Tilskotet vert tildelt etter søknad, og er øyremerka tiltak for personen.
- *Tilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag.* Tilskotet vert utløyst av busette flyktningar over 18 år, og utgjer kr 60 000 for flyktningar frå Ukraina fordelt på 3 år, med høgast tilskot i år 2. Tilskotet kjem i tillegg til grunntilskot på kr 626 000 ved opplæring av inntil 150 elevar.
- *Barnehagetilskot.* Barn i barnehage utløyser eit eingongstilskot på kr 27 100, i tillegg til integreringstilskotet.
- *Eldretilstskot.* Personar over 60 år utløyser eit eingongstilskot på kr 176 000, i tillegg til integreringstilskotet.
- *Innbyggjartilstskot.* Busette flyktningar utløyser innbyggjartilstskot på linje med alle som bur i Volda.
- *Kompensasjon til kommunane.* Dersom vedtekne busettingsplassar ikkje vert tekne i bruk vil staten kompensere kommunane med kr 50 000 per plass².

Tilskotsmodellen for flyktningar gjev kommunen høge tilskot i starten av tilskotsperioden. Om ein aukar talet på busette i 2022 med 125 personar, utover dei 25 som det allereie er teke høgde for i budsjettet for 2022, vil Volda kommune få ei auka inntekt på om lag kr 26 mill. i integreringstilskot i 2022. Dei andre tilskota kjem i tillegg til dette. Dette sikrar ein god grunnfinansiering for kommunal tenesteyting. Av erfaring veit ein at dette normalt dekker meir enn dei direkte kostnadane kommunane har i 5-årsperioden. Etter fem år mottar ikkje kommunen lenger integreringstilskot. Samstundes vil det truleg også vere kostnader i kommunen også etter 5-års perioden med tilskot.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Volda kommune kan stille opp med ein rask og effektiv beredskap for innkvartering og busetting av flyktningane på ein god måte. Kommunen har meir enn 35 års erfaring med busetting av flyktningar, og har opparbeidd høg kompetanse og lang erfaring i å ta i mot flyktningar til busetting og integrering i Voldasamfunnet.

Konsekvensar for barn og unge:

40% av dei som vert busett vil truleg vere barn og unge. Dette vil prege både skule og barnehage. Det vil vere avgjerande å ha sterkt fokus på gode tiltak som gir rask språklæring og god inkludering. Det vil også vere avgjerande med godt samarbeid med

² Dette skal handsamast i Stortinget 01.04.2022.

frivillige lag og organisasjonar og frivilligsentralane, for å skape god inkludering også på fritida.

Har eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd fått saka til uttale?
Nei

For meir informasjon:

Busetting, kvalifisering, tilskot og regelverk: <https://www.imdi.no/ukraina/>
Helsedirektoratet: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/ukraina>
Helse Norge: <https://www.helsenorge.no/utlendinger-i-norge/flyktninger-og-asylsokere/>
Skule: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/krig/>
Samleside - Informasjon om flyktningsituasjonen: <https://udi.no/krisen-i-ukraina/myndigheter-frivillige-og-andre-samfunnsaktorer/>

Utskrift av endeleg vedtak:

KS v/ nina.gran@ks.no
IMDi v/ post@imdi.no
Økonomisjefen
Personalsjefen
Kommunalsjef Oppvekst
Kommunalsjef Helse og omsorg
Kommunalsjef Samfunnsutvikling
Barnevernsleiar
NAV-leiar
Avdelingsleiar Helsestasjonen
Avdelingsleiar Vaksenopplæring og integrering
Avdelingsleiar Eigedom
Avdelingsleiar Kultur
Avdelingsleiar Rus og psykisk helseteneste
Fagleiar busetting og kvalifisering av flyktningar
Bustadkoordinator Forvaltningskontoret

Rune Sjurgard
kommunedirektør